

Ny etterlysing

15.11.2013



Stikkene er på plass på vegparsellen som er fylkets ansvar

Sjølvsagt er det ein fordel trafikalt sett at snøen ikkje har meldt seg førebels. Men all fornuft tilseier at han er rett rundt hjørnet og difor ser vi oss nødt til igjen å etterlysa dei kommunale brøytstikkene på den delen av vegen oppover dalen som kommunen har ansvaret for. Dei er framleis ikkje på plass, i motsetnad til på den vegstrekka som er fylket sitt ansvar.

Ein innsendar skreiv for nokre dagar sidan kritisk om dette og sidan har vi fått fleire påminningar om saka.

Med andre ord: Opp med stikkene, det er ingen grunn til å venta på frosten!

Foto: Ola Matti Mathisen